


Først på Nåso - så på jobben!

25.07.2013



Det er grunn til å misunna uskedelingane Jørgen Nilsen Moberg,

Vegard Døssland og Thomas Myklebust. Trioen er rundt 20 år og idag viste dei kor spreke dei er: Først var dei ein tur på Nåso og deretter gjekk Vegard og Thomas på jobb klokka 14!

-

- Ingen av oss hadde før klatra opp på det høgaste fjellet vårt. Vi innrømte at det nærmast var flaut og bestemte oss i går for å gjera noko med det, seier Vegard.

Dei 3 var først på toppen men etterkvart var det ganske mange som kom etter dei. Trioen dro avgarde klokka 8 i det samme strålande veret som vi no kjenner så godt og 12.30 var dei nede att. Vegard gjekk på jobb på SPAR og Thomas på jobb på Valen medan Jørgen hadde fri i dag. Og dagen slutta ikkje før klokka 21 for dei som jobba.

Vegard innrømmer at han kjende turen i beina etterpå, men dei prøvde å halda eit jevnt tempo med gode pauser - til dømes på toppen.
- Ei stor oppleving, seier Vegard.

Jørgen skulle etter planen hatt fri, men då det oppstod behov for ekstra betjening på Spar, stilte også han på jobb; - minst like sprek som dei to andre.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Jørgen Nilsen Moberg

